



Bjørg og Tom Getz

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1426 - 14/4867

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:

01.04.2014

Retting av feil i matrikkelkartet for gnr. 36 bnr. 42, 50 og 79

Meland kommune har fått inn krav om retting av grenser i matrikkelkartet for gnr. 36 bnr.42, 50 og 79. Rekvirent av rettinga er Bjørg og Tom Getz. Vedlagt krav om retting er eit kart der eigedomsgrensene er teikna inn etter mål oppgitt i skylddelingane.

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart-/ oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er heimla i Matrikkellova §26.

Generell informasjon om/ vilkår for retting av grense:

- Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera desse med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen rette grensene i matrikkelkartet.
- Dersom partane har ulike påstandar kan kommunen ikkje gjennomføra rettinga eller grensa kan verte lagt inn som omtvista grense, dvs fleire aktuelle bruksnummer på same areal.
- Dersom retting av grense ikkje fører fram kan partane rekvirere oppmålingsforretning/ påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Grensepåvising ved jordskifteretten er den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart, eventuelt nymerka og målt på ein etterviseleg måte. Slike forretningar må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggande som "usikker" grense i kartet, men eigedommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis vera meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte og merka i marka som gjeld.

I denne saka vert grensa til gnr. 36 bnr. 42, 50 og 79 søkt retta mot syd, aust og nord. Den vestlege grensa til bnr. 42 og 50 - mot gnr. 36 bnr. 125 er fastlagt og oppmålt før og vert ikkje endra- desse

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

er teikna med grøn farge i kartet. Eigedommen gnr. 36 bnr. 42 og 50 er teikna for liten i kartet og grensene vert difor utvida mot syd, aust og nord.

Grensa til bnr. 79 mot bnr. 3 vert ikkje endra mot vest. Grensa til bnr.79 mot aust vert endra ved at den austre eigedomsgrensa vert trekt ca 20 meter mot vest slik at eigedommen gnr. 36 bnr. 3 kjem inn og går til sjøen mellom gnr. 36 bnr.79 og bnr. 61. Den austre grensa til bnr. 79 skal vere 48,5 m, men er noko kortare i kartet. Dette kan skuldast «feil» plassering av det sydaustre grensepunktet eller at avstanden har vore noko unøyaktig målt i terrenget. Generelt er avstandane mot sjøen litt vanskelege å finna utav. Dei blå grenselinjene har kommunen konstruert og desse føl det som ser ut til å vera sjøkanten og elles ca avstandar frå skylddelinga. Då kjem grenselinja i aust 7 meter lenger vest enn den lyseblå stipla streken som er søkjar sitt framlegg.

På vedlagt kart har ein prøvd å teikna inn rette grenser så godt som råd- med blå strek. Avstandane som er påført kartet er dei som kjem fram av skyldskiftet for aktuelle eigedommar. Ein gjer merksam på at desse måla er terrengmål/ skråmål og at horisontale avstandar i kartet ofte avvik frå desse- dvs at dei horisontale måla vert kortare dess brattare terrenget er.

Dersom de ikkje er samde i at denne rettinga vert utført i samsvar med den blå streken, bed ein om at de kjem med skriftleg tilbakemelding innan 3 veker frå de mottar dette brevet.

Dersom det ikkje kjem inn motsegn til framlegget, vert matrikkelgrensa endra i samsvar med framlegg til grenser på vedlagte kart. Underretting om retting av grenser vert sendt til dei det gjeld etter at rettinga er utført.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

36_42_framlegg til retting

Kopi til:

Sonja Rønhovde
Børre Zahl Jensen
Tarald Zahl Jensen
Kim Gripsgård

Mottakere:

Bjørg og Tom Getz
Randi Odland